

Meland Kommune  
Planavdelinga,  
PB 79,  
5906 Frekhaug

Flatøy Bygdelag  
c/o Birthe Ann Larsen  
Hjelten 40  
5918 Frekhaug

Flatøy 29.10.18

### **Merknader til reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy**

*Grunna at nettsida til kommunen ikkje viste kva høyringsak vi skreiv uttale på, sender vi og innspelet vårt via e-post.*

Når kollektivknutepunktet vert flytta frå dagens stad til ny stad slik det no er skissert i utkastet er vi oppteken av at dei mjuke trafikantane (både gåande og syklende), bilistane til husstandar og bilistane til industri og næring i området ikkje kjem i farlege situasjonar med kvarandre.

Vi ønskjer at alle dei mjuke trafikantane skal kunne kome seg til det nye kollektivknutepunktet utan å måtte krysse fylkesvegen. Dette fordi det er ei svært stor mengd kjøretøy som passerer gjeldande område, spesielt på morgon og ettermiddagstid når born og vaksne er på veg til/frå skule og arbeid. Dersom dei mjuke trafikantane kan nytte noverande fortau v/dagens busstopp og dei allereie eksisterande undergongane, med små justeringar av høgde i gang og sykkelterreng, vil ein unngå å skape farlege situasjonar mellom mjuke og harde trafikantar. På denne måten vil ein sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar, både fastbuande og gjennomreisande, også ved eventuell framtidig trafikkauke i området jmf planar om bustadfortetting og snøggbåtterminal.

Med venleg helsing  
Styret i Flatøy Bygdelag  
c/o Birthe Ann Larsen